

Nærings- og fiskeridepartementet
Postboks 8090 Dep
0032 OSLO

Dykkar ref:

Vår ref: 2014/819
Arkivnr. 323
Løpenr: 10128/2014

Bergen 01.10.2014

HØYRINGSSVAR – FORSKRIFT OM AUKE AV MAKSIMALT TILLATE BIOMASSE FOR LØYVE TIL AKVAKULTUR MED LAKS, AURE OG REGNBOGEAURE

Havforskningsinstituttet vurderer risiko for negative miljøverknader av norsk fiskeoppdrett samt fiskevelferd i årlege risikovurderingar (sjå Taranger m.fl. 2014a;b), samt i jamlege rapportar til Mattilsynet og Fiskeridirektoratet. Vi vurderer lakselus og rømming som dei største miljørisikoane ved dagens oppdrett av laks og regnbogeaure.

Det er funne gode samanhengar mellom produksjon i anlegg og smittetrykk i miljø og påverknad på villfisk (Serra-Llinnares m.fl. 2014). Vi er på god veg til å utvikla ein berekraftmodell (Bjørn m.fl. 2014) som skal gje råd om kor mykje eit område tåler. Dette er også vist både i den årlege statusrapporten og andre publikasjonar frå Havforskningsinstituttet til Mattilsynet om tilstanden når det gjeld lakselus på vill laksefisk. Der vurderer vi at lakselus frå oppdrett kan gje bestandsreducerande effektar på vill sjøaure i ei rekkje område langs norskekysten (Taranger m.fl. 2014a,b).

Havforskningsinstituttet har i tidlegare høyringar uttalt at auka produksjon vil forverra dei eksisterande miljøutfordringane frå lakselus. I dag strir mange anlegg med resistens mot legemiddel mot lakselus og problem med å halde lusegrensa på 0,5 vaksne holus per fisk. Havforskningsinstituttet åttvara i juni om eit aukande luseproblem, og det vert no rapportert om høge lusepåslag på sjøaure. Eit nytt regime med 5 % auke i MTB med berre to medikamentelle behandlingar og ei maksimalt tillaten grense på 0,1 vaksne holus, vil for mange lokalitetar redusera det samla lusepresset heller enn å auka dette.

Ser ein berre på effektar av lakselus med 5 % auke i MTB og lusegrense på 0,1, vil lusebelastninga bli redusert dersom det opphavlege lusenivået var 0,105 eller høgare. Lusebelastninga kan auka dersom det opphavlege nivået var lågare enn 0,105.

Data frå 2013 viser at berre 14 % av lokalitetane hadde mindre enn 0,105 lus per fisk gjennom heile året. Ein 5 % auke i biomasse og ei ny lusegrense på 0,1 vaksne holus vil såleis slå positivt ut for mange lokalitetar, og spesielt for lokalitetar som i dag grensar opp mot lusegrensa på 0,5, eller i periodar har endå høgare lusepåslag.

Inntil ein har utvikla ein ny modell for rådgjeving av berekraft, vil ei ordning med auka produksjon knytta til redusert lusenivå vere ei god mellomløysing som kan redusera utviklinga knytt til resistens pga. færre behandlingar, og fremja utvikling av produksjonsformer som reduserer lusebelastninga.

Havforskningsinstituttet vil likevel åtvare mot at det på mange lokalitetar kan verta vanskeleg å halde den låge lusegrensa fleire år på rad. Data viser at mindre enn 9 % av alle lokalitetar har klart å halde lusenivået under 0,1 vaksne holus i perioden 2010-2013. Instituttet foreslår difor at dei som søker om auka biomasse må dokumentera korleis dei skal kunne overvake og halde lusenivået under 0,1 gjennom heile produksjonssyklusen med berre to medikamentelle behandlingar.

Andre faktorar

I tillegg til lakselus er rømming av fisk ein alvorleg miljøpåverknad frå oppdrett. I 2012 var det moderat til høg risiko for genetisk påverknad i mange elvar. Det er ikkje dokumentert tilsvarande eintydige samanhengar mellom oppdrettsbiomasse og påverknad på villfisk som for lakselus (Taranger m.fl. 2014a), men midtvegs evaluering av ordninga med nasjonale laksefjordar og laksevassdrag tyder på at store laksefjordar kan gje ein viss skjerming (Fiske m.fl. 2013). Vi er difor einige med departementet i at ein bør finna andre metodar å bøta på rømming enn biomasse.

Fleire andre miljøfaktorar vil auka med aukande biomasse, fyrst og fremst utslepp av organisk materiale og nærings saltar. Risikovurderinga (Taranger m.fl. 2014a) viser at desse påverknadene i dag er mest lokale, og at dei pålagte miljøundersøkingane (MOM-B og MOM-C) vil slå inn dersom gjeldande grenser vert overskridne, men høgare biomasse på lokalitetane kan føra til at fleire lokalitetar kan få problem med å oppnå ein tilfredsstillande miljøtilstand etter regelverket. Det er positivt at utsleppa av legemiddel til miljøet kan verta reduserte dersom nytt regime fører til færre behandlingar.

Konklusjon

Havforskningsinstituttet har tidlegare åtvare mot vidare produksjonsauke, spesielt på grunn av utfordringar knytt til lakselus. Ein produksjonsauke knytt til redusert lusenivå vil likevel føra til ei mindre belastning enn ein generell produksjonsauke, og vil også kunne redusera den totale belastninga frå lakselus og bremsa resistensutviklinga. Havforskningsinstituttet stør forslaget, men instituttet vil likevel åtvare mot at det kan verta vanskeleg å overvake og oppretthalde den låge lusegrensa med berre to medikamentelle behandlingar gjennom produksjonssyklusen på mange lokalitetar utan at særlege tiltak blir satt i verk. Instituttet foreslår at det blir eit vilkår at desse tiltaka vert dokumenterte i søknaden.

Litteratur

- Bjørn P.A., Asplin L., Karlsen Ø., Finstad B. & Taranger G.L. (2014). Utvikler modellsystem for å få kontroll på lusa. Havforskningsrapporten 2014, Fisken og havet, særnr. 1-2014.
- Fiske P., Diserud O.H., Robertsen G., Foldvik A., Skilbrei O., Heino M., Helland I.P. & Hindar, K. 2013. Midtveisvurdering av nasjonale laksevassdrag og nasjonale laksefjorder. Rømt oppdrettslaks og bestandsstatus. NINA Minirapport 470, 24 s.
- Serra-Llinares R.M., Bjørn P.A., Finstad B., Nilsen R., Harbitz A., Berg M., & Asplin L. (2014). Salmon lice infection on wild salmonids in marine protected areas: an evaluation of the Norwegian National Salmon Fjords. *Aquaculture Environment Interaction* 5, 1-16.

Taranger G.L., Svåsand T., Kvamme B.O., Kristiansen T.S., & Boxaspen K.K. (red.) (2014a)
Risikovurdering norsk fiskeoppdrett 2013. Fisken og havet, særnr. 2-2014.

Taranger G.L., Karlsen Ø., Bannister R.J., Glover K.A., Husa V., Karlsbakk E., Kvamme B.O., Boxaspen K.K., Bjørn P.A., Finstad B., Madhun A.S., Morton H.C. & Svåsand T. (2014b). Risk assessment of the environmental impact of Norwegian Atlantic salmon farming. ICES Journal of Marine Science doi:10.1093/icesjms/fsu132.

Med helsing

Terje Svåsand
programleiar akvakultur

Tore Nepstad
adm. direktør